

Forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Fjord kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Fjord kommune 16.04.26 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæring og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 4-5.

§ 1. Formål

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Når skulefritidsordninga er knytt til skular, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Barna sin rett til medverknad står sentralt også i SFO. Barna som er i SFO skal verte høyrde og involverte i planlegging og gjennomføring av aktivitetar og organisering / tilrettelegging elles.

SFO er ikkje ein del av grunnskuleopplæringa og er eit frivillig tilbod. SFO må ha eigne ordensreglar.

§ 2. Eigarforhold

Fjord kommune eig og driv skulefritidsordninga i kommunen. Tilboda skal primært leggjast til skulane. Om det er meir føremålstenleg, kan tilbodet leggjast til barnehage eller kombinasjon mellom skule og barnehage.

Skulefritidsordninga skal drivast i nært samarbeid med barn og foreldre. Ein skal fylgje krava i Opplæringslova § 4-5 med eventuelle forskrifter, Rammeplan for SFO og fylgje retningslinene som er vedtekne av kommunestyret. Det er kommunestyret som i kvart enkelt tilfelle skal gjere vedtak om oppretting av ei ny skulefritidsordning med eit nøyaktig kostnadsoverslag over kva kommunen sine utgifter er. Dersom ei oppretta skulefritidsordning får under 6 barn, skal samarbeid med næraste barnehage vurderast. Om dette ikkje let seg gjennomføre, skal sak om framhald av drifta leggjast fram for kommunestyret til handsaming.

§ 3. Opptaksmynde

Rektor er ansvarleg for inntak. Fjord kommune er klageinstans. Etter forvaltningslova § 29 er fristen for å klage 3 veker frå det tidspunktet søkjaren mottok vedtaket.

§ 4. Opptakskriterium

Etter søknad frå føresette vert det tildelt plass i skulefritidsordning til barn 1. – 4 trinn og barn med særskilde behov i 1. – 7. trinn.

Dersom det er fleire søkjarar enn skulefritidsordninga har plass til, vert barn med særlege behov prioritert framføre andre søkjarar. Dette gjeld og elevar opp til 12 år med særlege behov.

§ 5. Opptak og oppseiing

Hovudopptaket og endring for neste skuleår har søknadsfrist 1. mars. Det skal nyttast digitalt søknadsskjema som ligg på kommunen si heimeside ved søknad, endring og oppseiing.

Tildelt plass gjeld til barnet er ferdig i 4.klasse. For barn med særlege behov kan det det søkjast for eit år om gongen inntil barnet er ferdig i 7. klasse. Inntak undervegs i skuleåret vurderast utifrå ledige plassar. Halv plass (19 veker) kan vurderast om foreldre har delt omsorg.

Dersom det er ledig kapasitet ved skulefritidsordninga er det høve til å kjøpe enkeltdagar eller morgon/ettermiddag. I slikt høve betaler foreldra ein fastsett timepris.

Det er ein månads oppseiingstid. Oppseiinga skal vere digitalt, innan 1. i kvar måned. Ved oppseiing av plass etter 1.mars må det betalast for plassen ut skuleåret.

§ 6. Foreldrebetaling

Betalingsssatsane for foreldra/føresette fastsette av kommunestyret i den årlege budsjetthandsaminga, eller som eige sak i kommunestyret. Det skal betalast for 11 månader, frå og med 1. august. Dette gjeld både tilbodet som fylgjer skuleruta og utvida tilbod med ferie.

Betaling skjer ved eit likt beløp fordelt over 11 månader med betalingsfri i juli måned. Kommunestyret fastset betalingsssatsar og storleik på søskenmoderasjon. For kost kan ein ta ekstrabetaling. Minste opphald er 8,5 timar pr. veke. Opphaldstida pr. veke må vere lik ved delt omsorg.

Kjøp av dagar i behovsprøvde periodar (jul, påske og skulefrie dagar) vil kome i tillegg.

Ved misleghald av betaling, der det er uteståande to månadsbetalingar eller meir, vert plassen vurdert sagt opp frå kommunen si side.

§ 7. Moderasjonsordningar.

I tilfelle der sentrale ordningar vert endra, vert desse administrativt tilpassa i vedtektene.

- Lokalt vedtak: 30 % reduksjon for 2. barn og 50 % for 3. og påfølgande barn.

Søknad om redusert foreldrebetaling skal gjerast i samband med søknad om SFO-plass, og vil gjelde frå og med oppstart. Søknadar som kjem i etterkant, vil gjelde frå og med neste heile måned.

§ 8. Leike og opphaldsareal

Arealet, både ute og inne, skal vera eigna for formålet, jf. Opplæringslova § 4-5.

Skulefritidsordninga nyttar den enkelte skule/barnehage sine klasserom/oppheidsrom, ute - og nærområde. Arealet skal godkjennast etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule"

§ 9. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Ut frå gjeldande behov kan den daglege opningstida leggest før og etter skulen sine undervisningstimar, slik at dei på skuledagane kan få samanhengande opphald.

Opningstid er 0700- 1630.

Rektor ved kvar skule har fullmakt til å justere opningstidene med inntil ein halv time før og etter normal opningstid. For utvida opningstid utover skuleåret kan ein samarbeide med andre skular/barnehagar i kommunen. For utvida opningstid bør det vere minst 3 barn frå skulefritidsordninga og 3 barn frå barnehage. Kartlegging av behov skal vere klart fire veker før.

Alle barn skal ha minst 4 veker ferie og 3 av dei skal vere samanhengande. Ferie-SFO kan søkjast og gjeld samla 6 veker pr. år, haust-, vinter- og 4 veker sommar. Skulefrie dagar i samband med jul og påske, samt veke 28 kan vere open etter ei behovsprøving med eit minimum på 3 barn per dag. Samarbeid med andre skular/barnehagar må vurderast.

Kartlegging av behov skal vere klart fire veker før.

Ein kan halde stengt inn til 5 dagar til planlegging.

§ 10. Bemanning og leing

Rektor er administrativ og fagleg leiar for skulen si skulefritidsordning. Skulefritidsordninga bør ha dagleg leiar som saman med sitt personale driv skulefritidsordninga i samsvar med § 4-5 i Opplæringsloven.

Anbefalt bemanningsnorm i kjernetid (kl.8-16):

0-10 barn: minimum 1 tilsett

10 -20 barn: minimum 2 tilsette

Over 20 barn: minimum 3 tilsette

Når det er berre 1 vaksen til stade saman med barna, skal det ligge føre ein alarmplan slik at folk kan tilkallast.

Administrativt og fagleg er ordninga underlagt rektor ved kvar skule. Ved ein skule der skulefritidsordninga utgjer eiga eining, får rektor ein tidsressurs til føremålet etter nærare avtale.

Dersom saker som gjeld skulefritidsordninga vert handsama i Samarbeidsutvalet (SU), blir SU supplert med dagleg leiar i skulefritidsordninga som møter med forslag og uttalerett.

§ 11. Teieplikt

Medlemar i styrande organ for SFO og dei tilsette (her under også studentar, vikarar og andre som oppheld seg på SFO) har teieplikt etter same reglar som gjeld for tilsette i grunnskulen, jf. forvaltningslova § 13a-13f.

§ 12. Politiattest

Tilsette i SFO må legge fram gyldig politiattest som viser at han eller ho ikkje er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømd for slike overgrep, kan ikkje verte tilsette i SFO, jf. opplæringslova § 17.9.

§ 13. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 01.08.2026.